

Til Dyrfonni




Augustmorgen, - berre godlynte skyar på himmelkvelven og fyrste motbakkan i ryggen. For eit utsyn. Men det er langt til fonni syningom. Om ein skal våge


turen rett på? Nei, det finst ikkje stiar på kartet, så avgjerdå blir å gå nord og ned. Litt leit å tapa høgda eg vann, men dagen er ung og vona stor. Ein får sette lit til

at trollet i Hårteigen der i sør varslar om eg fer vill.

Frodig og fint bortetter, ein skulle ha vori sau eller annan firbeint planteetar, men ein kan sjå på dei, ei helsing på vegen, nei sjå den, blåare blome finst knappast.

Så ned i dalen og opp igjen, men den gamle T-stia til Dalamot var ikkje mykje å skryte av, det tok tid å stadig miste han og finne han att, - smalasti! Her har vier og







sprake fått makta. Så det gjorde godt å verte kvitt han då eg tok av til venstre der oppe i dalen. Men langt igjen og langt over middagsleite og verste bratta låg framfor, -

men her er så vakkert. Ikkje vanskeleg å laga til årsak når eg må stogga får å få pusten attende. Slik eit utsyn må takast inn så det sit i sjela, - og ein matbit, og så litt vatn

frå ein bekk skal visstnok også vera bra, så fer kroppen sitt, eg vil jo helst ha han med sjølv om anden renn i førevegen.

Men nå har det vore luftig





etterkvart og det er ei og anna kvartsblokk å sjå som ber bod om at dette må vere rette leia. Og så brått, over bandet, - der ligg ho fonni, fin og blendande kvit, bada i augustsola. Og i overkant av snøen ei to hundre meter lang stripe med kvarts. Men her var stille, ingen dyr på Dyrfonni i dag verken firbeinte eller tobeinte, - ikkje

simler, ikkje samlar. Men hakket i øvre snøkanten synte godt, ikkje tvil om at her var rette plassen. Eg sette meg ned ei stund for å tenkje gjennom denne saka. Nåja, tenkje, kven av dei sju dødssyndene hadde nå fått meg hit? Ingen trur eg, om ikkje nyfikne er ein av dei. Men ein annan dag kunne det saktens ha vori: grådigskap,

pyntesjuke, misunning, eller alle sju på ein gong, ei reim av huden har vi vel alle. Men etter eit par timar med funderingar, litt mat så ble det no til at det ble tatt ei avgjerd om ikkje å ta fatt på dei siste par hundre meterne, det kjendest ikkje som rette viset og tida nett då. Ein tur i omgjevnaden freista meir, - gjera seg kjend, kanskje til vens med denne luten av den nære verda, slik ble det så eg putla meg opp. For å vera på den sikre sida (dødssyndene) la eg frå meg den vesle gode






jarnfylgjesveinen min. Eg var nok overtend for var det ikkje ein egen glans kring meg då eg bøygde meg ned. Det må ha vore den nypussa glorien som lyste opp naturen kring

meg, for ikkje hadde eg gått lange biten før eg i dette forklara ljoset fekk auge på eit ikkjehandsama stykke natur eg sjeldant har sett make til. Vakre blomen og

vakre steinen i same stunda.

Og milde djup blå sumarnattar var god å sjå inn i. Heimskringla har saktens nok ananas, anatas og slik truleg finst det vesen der ut





ein stad som ber seg åt
likeins som oss. Bankar og
slår og slafsar og romsterar,
jaktar på rikdom og lukke.
Måtte dei finne han!

Etterskrift

Nei eg vil ikkje skrive om
korleis det var i og kringom
førekomsten. Det får andre
gjera, redaktøren til dømes.
Men de kan få sjå biletet,




også har det vori mykje (tull)
på prent i dagspressa.

En annen gang Steingrim!
Likevel, en liten oppsum-
mering nå, det er vel tillat?

Jeg konstaterer med til-





fredhet at ifølge Steingrim fikk ikke kommersen med seg: Dei bratte bakkene, dei vakre blomstene, eit par

mmstore anatas, det fantastiske rundskuet, den blå himmelen, den gode natta, svarte korpen, det frodige

buskaset, den lange veien, kortpusten, undringen, klukkinga i bekken, Hårteigen. Det beste er igjen! ghw/red.

